

Gamle danseplassar ute i naturen

Redaksjonen

Årboknemnda i Vaksdal historielag har søkt etter opplysningar om gamle danseplassar ute i naturen. Det har vore lite tilbakemeldingar på dette, men det er gjeve opplysningar om ein stad på Dale, Stamnes, Eidsland og Bergo i Eksingedalen. Her var det bygt opp danseflekje av tre. Her samlast ungdomen meir uformelt i fine vår- og sommarkveldar til dans og leik saman med ein spelemann, eller ein platespelar då dei kom i bruk.



Sandliane. Der var Granaskog før i tida.

Foto: Sigmund Simmenes.

GRANASKOGEN PÅ DALE

I Granaskogen, Sandliane på Dale er det fortalt om ein danseplass med treflekje. Treflekjen råtne til slutt bort, og deler av granaskogen vart rassert under den store stormen som var i nyårshelga 1992.

Dagrunn Laastad f. 1923 fortel om dette slik: Ho var for lita til å delta sjølv i dansen, men ho kan hugsa at ho saman med venninnene sine stod og såg på folk som dansa der.



Flaken av tre, som vart laga og brukt av danseglad ungdom i Stamnesbygda før ungdomshuset kom, låg i skogen omlag midt i biletet. Den vart kalla Tribunen.

Foto_ Sigmund Simmenes.

TRIBUNEN PÅ STAMNES

Oppom vegen på sørsida av Skuggeberggtunellen var det ein danseplass med treflekje dei kalla for Tribunen, der ungdomen møttest og dansa. Det er ein plass litt oppom der ungdomshuset står no. Lilly Kulshamar f. 1922 fortel om dette i Vaksdal historielag si årbok 2004. Ho skriv at ho likte godt å dansa. Det var i det ljose sommarhalvåret at ungdomane møttest her. Dei hadde med seg spelemann. Dette var før vegen var bygt innover mot Eidsland, og kvar dei gjekk opp frå Stammeshella for å koma fram til danseplassen er i dag ikkje kjent.



Eidsland på 50 talet.

Ulånt av Rolf Erik Veka.

Stikkflåten på Eidsland

Av Åse Eikemo Strømme

Stikkflåten, ein fest- og danseplass på Eidsland.

Du søndagskveld, du søndagskveld, du er då alltid min beste kveld; du ljose, blide søndagskveld, du er då min kjæraste kveld. Når ungdommen sankast or bygdi her ned til gaman og song etter gamal sed, til dans og sprang på den grønne vang, då fell ikkje stundi lang.

Slik Ivar Aasen skildrar det i ovanfornemnde song har forfedrane våre møtts til song og dans på den gamle vang. Kvardagen var hardt slit, men helga gav som oftaste eit pusterom til ungdoms samankomst og glede.

Først på slutten av 1800-talet tok det frilynde ungdomsarbeidet til, og det vart gradvis bygt ungdomshus kringom i bygdene. I Eksingedalen kom eit av dei første ungdomshusa i landet vårt, Ljosheim, ferdig bygt 1897. (Sjø årbok Vaksdal historielag 1997). På Eidsland vart ungdomshuset bygt på dugnad på Mysterøyra kring 1920, tomt frådelt 1924. Før den tid som her er nemnt lever det endå på folkemunne minne om den gamle danse- og festplassen på Stikkflåten. Kvar var så denne staden lokalisert i bygda. Det er ikkje kjent i dag kva tid den vart stelt til og teken i bruk. Det var ein treflekje eller treflåte til danseplatning. Før utgravinga av sand og grus på

Eidsgarden var staden godt synleg frå vegen som vart bygt oppover Eksingedalen. Plassen låg straks nedanfor kvernhusa på Eide og Kvernhusfossen. Tek ein utgangspunkt i ein bergnakke der årstalet 1888 for bygging av vegen er hogge inn, ja så var nok Stikkflåten lokalisert på ein av dei store sandryggane mellom vegen og elva. I dag er dette utgrave og borte, frå åra ca. 1940 og framover mot slutten av 1900-talet. Dei store sandgrupene kom der. Til slutt grov elva seg inn og gjorde ende på Stikkflåten.

Det er fortalt at her var det ein fest- og danseplass for bygda. Her samlast ungdomen, kanskje om sundagskveldane, med spelemann til dans og moro. Stikkflåten vart også nytta som festplass i samband med feiringa av 17.mai i bygda. Søstra mi Anny f. 1934 fortalde meg i si tid om minne ho hadde frå dette. Ho var 5 år og fekk vera med far ned til bygda for å ta del i 17.mai feiringa. Ho sat på sykkelen til far, som vart parkert ved Kvernhusa. Det var ein fin vårdag, og på Stikkflåten sat det folk kringom i bakkane, som på ein terrasse. Talarstolen var pynta med bjørk og norske flagg. Det var tale for dagen, og song og musikk. Etter den høgtidelege delen av denne samkoma, vart det stilt opp til 17.mai tog med hornmusikk i spissen. Toget gjekk nedover mot Bråtet, og vidare heimover den gamle vegen over Eidsbøen. (denne viser på et gammalt bilete som finst i årboka 2007). Dette var ei stor oppleving for ei lita jente, som vart leidd trygt i handa hans far. Toget gjikk vidare gjennom tunet til bnr. 1, Stor-Olavbruket, ned Stølabråtet, over Mysterbrua og til ungdomshuset Bruvoll. Der vart det matsservering og idrettsleikar, men det er ei anna soge.

Det som er fortalt ovanfor må ha skjedd i 1939. Året etter var krigen komen til landet, og det vart ulovleg å feira 17.mai dei neste 5 åra. Etter krigen var det slutt med festing og dans på Stikkflåten, som gradvis vart rydda for skog og kratt, og enda til slutt som grus og sand. Det er også ei anna soge. No kan berre fantasien kalla fram minne frå ei svunnen tid, der dansen gjekk oppe på Stikkflåten i ljose vår- og sommarkveldar.

Ivar Aasen skriv vidare i songen sin:

*Dei bygdarfolk, dei bygdarfolk, dei hava så streval ein sommars-bolk.
Dei bygdarborni lengta så hardt at helgi ho koma må snart. Dei får ikkje
stund til å koma i lag, når ikkje det hender ein heilagdag. Dei får ikkje
tid ei einaste rid så lengde som vyrka lid.*